



Ålesund  
kommune

# Årsplan

Ratvikåsen barnehage  
2023/2024



Open, engasjert og modig

## Innhold

Barnehagen sitt samfunnsmandat	3
Førmålet med barnehagen sin årsplan	4
Årsplanen sin funksjon	4
Ratvikåsen barnehage	5
Barnehagen vår	5
Satsingsområde og pedagogisk plattform 2023-24	5
Barnehagen sitt innhold	6
Omsorg	6
Visjon	6
Verdiar	6
Leik	7
Danning	7
Læring	8
Vennskap og fellesskap	9
Barn sin medverknad	10
Samarbeid	12
Samarbeid mellom heimen og barnehagen	12
Samarbeid mellom barnehagen og andre aktørar	13
Teieplikt, opplysningsplikt og avverjeplikt	14
Overgangar	15
Når barnet byrjar i barnehagen	16
Overgangar i barnehagen	16
Overgangen mellom barnehage og skule	17
Barnehagen som pedagogisk verksemd	18
Planlegging	18
Vurdering	20
Dokumentasjon	22
Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte	23
Arbeidsmåttane til barnehagen	26
Progresjon	26
Prosjektarbeid	26
Dei 3 pedagogane	27
Fagområda	29
Årshjul 2023/2024	34
Personalet	35
Kjelder	35

## Barnehagen sitt samfunnsmandat

**Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.**

**Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.**

**Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.**

**Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.**

(Barnehagelova, 2005, §1. Formål)

## Førmålet med barnehagen sin årsplan

**Årsplanen er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngevingane til barnehagen.**

(Rammeplan for barnehagen - innhald og oppgåver, 2017, s. 37)

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd der innhaldet skal planleggast og vurderast. Barnehagen sitt pedagogiske arbeid skal vere grunngeven i Barnehagelova og i Rammeplanen. Med utgangspunkt i Rammeplanen skal barnehagen sitt samarbeidsutval fastsetje ein årsplan for den pedagogiske verksemda.

Det vert utarbeidd ein årsplan for kvart barnehageår i kvar barnehage. Årsplanen vert publisert på nett og sendt ut på e-post til alle foreldre og føresette når den er fastsett. Årsplanen ligg til grunn for vidare arbeid med planar for kortare og lengre tidsrom, og for ulike barnegrupper ved behov.

### Årsplanen sin funksjon

Årsplanen skal synleggjere korleis barnehagen omsett barnehagelova i praksis, og arbeider målretta for å sikre det pedagogiske arbeidet. Ifølgje rammeplanen har planlegging av barnehagen sitt innhald og arbeid fleire funksjonar:

- Personalet får grunnlag til å tenke og handle systematisk i det pedagogiske arbeidet
- Det gjev kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa
- Synleggjer barnehagen si tolking og realisering av rammeplanen
- Gjev utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda

Barnehagen sin årsplan er også eit viktig dokument for eigar og myndighetene si oppfølging og tilsyn med barnehagen. Den er nyttig å bruke i samarbeid med føresette og andre samarbeidspartnarar.

Årsplanen er fyst og fremst er eit arbeidsverktøy for personalet, som også er lovverket sin intensjon med årsplan for barnehagar:

## Rammeplan for barnehagar, utdrag frå kapittel 7:

«Barnehagen skal utarbeide ein årsplan. I tillegg skal det utarbeidast planar for kortare og lengre tidsrom og for ulike barnegrupper etter behov. Årsplanen er ein arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngevingane til barnehagen. Årsplanen kan gi informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til myndighetsnivåa, samarbeidspartane til barnehagen og andre interesserte.»

## Ratvikåsen barnehage

### Barnehagen vår

Vi er godkjent for 36 plasser. Barnehageåret 2023/24 har vi:

Maurane

- Småbarnsavdeling med 8 barn under 3 år (dei teljast som 2 plassar kvar)
- Alle 8 barna er fødd i 2021
- Det er 4 tilsette på Maurane; Jowita, Sheena, Kari og Lisbet(64%), i tillegg til fast vikar 60%

Tretoppen

- Storbarnsavdeling med 20 barn over 3 år.
- Vi har 3 barn født i 2020, 8 barn født i 2019, 8 barn født i 2018
- Det er 4 tilsette på Tretoppen; Marianne Assev, Ana, Marita og Marianne Aasebø (40%)

Sjå også siste side for oversikt over personalet.

### Satsingsområde og pedagogisk plattform 2023-24

Vårt overordna tema er fagområdet «Språk, tekst og kommunikasjon» Dette er «paraplyen» for prosjektarbeida våre dette året.

Vi er med i kompetanseutviklingsprosjekt for personalet, tema for 2022-23 er «språkutvikling og språkvanskar»

Vår pedagogiske plattform og verdier er inspirert av Reggio Emilia-filosofien.

## Visjon

### **Visjon for kommunalområde opplæring**

**Robuste menneske med evne, vilje og mot til samskaping**

### **Visjon i eigen barnehage:**

**I Ratvikåsen barnehage skal barna oppleve spanande dagar og glitrande øyeblikk i fellesskap med andre barn og vaksne.**

## Verdiar

Ratvikåsen barnehage sitt verdigrunnlag er inspirert av den pedagogiske tenkinga som kjem frå byen Reggio Emilia i Nord-Italia. Grunntanken i denne filosofien er at barn er fødd med alle moglegheiter, og er kompetente frå fødselen av. Dei har rett til å vere delaktige i eigne liv, og lærer best og mest når leik og aktivitet er indre motivert. Les meir om denne filosofien i kapittelet «Arbeidsmåttane til barnehagen».

## Barnehagen sitt innhald

**Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.**

(Rammeplanen kap. 3)

### Omsorg

Rammeplanen sei at omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Vi skal leggje til rette for at barna kan knyte seg til personalet og til kvarandre. Alle barn skal møttast på ein open, varm og interessert måte.

Definisjonen på omsorg er å leggje eigne behov til side for å ivareta andre sine behov. Det er dette vi gjer i barnehagen, vi må vere 100 %

til stades både fysisk og mentalt for å kunne ivareta barnas behov for omsorg. Vi skal heile tida forsøke å forstå barna sine handlingar og kjensleuttrykk, og møte barna ut frå deira individuelle behov.

Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som òg verdset omsorgshandlingane til barna. Vi skal vere gode rollemodellar for barna, og skape ei trygg, roleg, og god atmosfære på avdelinga.

### Leik

Leiken er barn sin livsverd. Leik og bevegelse er det barna sjølv vel å gjere når dei kan. I leiken utviklar barn blant anna motorikk, språk, og matematisk kompetanse. Å utvikle sosial kompetanse er ein stor del av leikens pedagogiske funksjon. Ein lærer til dømes å vente på tur, å sette grenser for seg sjølv, å ta omsyn til andre sine grenser, å tole motstand og frustrasjon, å ta initiativ, og å leite etter løysingar.

Den viktigaste leiken er den barna sjølv tar initiativ til, og som er fri frå vaksne si styring. Der leiken i seg sjølv er det viktigaste, der ein kan vere eit hovud høgare enn seg sjølv, prøve ting en kanskje eigentleg ikkje torar, og der ein kan vere i flyt-sona og oppleve meistring og tru på at ein kan.

Sjølv om den barnestyrt leiken er viktig, er dei vaksne si rolle likevel aktiv. Vi skal til dømes hjelpe barna med konfliktløyning, hjelpe dei som strevar med å komme inn i leiken, og sjå til at alle får vere med å bestemme. Da må vi vere nær barnas leik heile tida, så nær at vi kan høyre kva dei pratar om, sjå kroppsspråk og dynamikken i gruppa. Vi skal ha kunnskap om ulike leikeformer, og korleis vi kan legge til rette for variert leik inne og ute.

### Danning

Rammeplanen for barnehagar:

«Barna skal støttast i å uttrykkje synspunkt og skape mening i den verda dei er ein del av. Gjennom samspel, dialog, leik og utforsking skal barnehagen vere med og sørgje for at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse, slik at dei kan bidra til endringar» (s. 21)

Ut frå det Rammeplanen seier, kan vi sjå danning som ei førebuing til å bli ein aktiv deltakar i eit demokratisk samfunn, og i eige liv.

Ratvikåsen barnehage skal difor bidra til at barna forstår og lærer verdiar og normer som er viktige for fellesskapet. Dei tilsette skal også støtte identitetsutviklinga og den positive sjølvforståelsen til barna. For å ivareta viktige dannelsingsprosessar, er leik, - barna si livsverd - heilt sentral.

Danning skjer heile tida, i alle situasjonar. Danning skjer både i barnehagen, heime, hos familie, slekt og venar, i fritidsaktivitetar, via media, med meir.

Alle kapitla i årsplanen er sentrale for barna si danning i barnehagen.

## Læring

Læring skjer på mange plan.

I Ratvikåsen barnehage er trygge relasjonar ei føresetnad for læring, og grunnleggjande i vårt læringssyn og barnesyn. Eit utrygt og usikkert barn vil vere hindra i å utvikle seg og lære ut frå sitt fulle potensiale. Alle barn og foreldre skal ha eit trygt og godt barnehagemiljø, bli tatt på alvor, og møtt ut frå sine egne behov.

Læring er også den enkelte sin kognitive prosess, og personalet skal tilpasse utfordringar og stimulering ut frå barnet sine individuelle føresetnader.

Læring er også samarbeid og kommunikasjon, til dømes å leite etter løysingar saman, og å teste ut ulike idear.

**Alle desse 3 læringsnivåa (relasjonar, kognitive prosessar, og samarbeid og kommunikasjon), skal vere ein del av kvardagen til barna.**

Kvardagen vår består også mykje i rutinesituasjonar. Vi skal ete frukost, lunsj og frukt, rydde leiker, ha samling, og dele oss i grupper. Mange av dei potensielle læringssituasjonane skjer i slike overgangar og rutinesituasjonar. Det er derfor utruleg viktig at personalet er relasjonsorienterte, individorienterte og samarbeidsorienterte på same tid, gjennom heile dagen, og klarer å kombinere fleire av rammeplanen sine verdiar og fagområde i den daglege kontakta med barnet. Sjå til dømes avsnittet om overgangar for meir konkrete eksempel på korleis vi skal få til dette.

Rammeplanen sei at dei tilsette skal anerkjenne og stimulere barnas nysgjerrigheit, kreativitet, og vitelyst, og dette skal leggjast til grunn

for læringsprosessane. I Reggio-filosofien er også dette sentralt. Vi skal ikkje gi barna alle svara, men utforske spørsmåla deira, løysningsforslaga og undringane saman med barna i prosjektarbeida våre. Kanskje fins det ikkje berre ein rett måte? Eller kanskje må vi prøve oss fram mange gangar til vi finn akkurat rette svaret?

## Vennskap og fellesskap

I barnehagen lærer barn byggesteinane som trengs for å danne vennskap. Sjå til dømes kapittel om leik, medverking og danning for meir om kva desse byggesteinane består i. Nokre barn får en «besteven» i barnehagen, men dei fleste bytar leikekameratar ut frå alder, modning og interesser. Vi skal ha fokus på at sjølv om ein har ein besteven, kan ein også vere leikekamerat med fleire. Det er inkludering som skal vere i fokus, og dei tilsette må vere aktive og nære for å vite korleis dei skal legge til rette for sosialt fellesskap for alle born.

I barnehagen skal alle barn oppleve å vere viktige for fellesskapet, og vere i positivt samspel med barn og vaksne. Vi skal mellom anna samtale med barna om samhandling, støtte barna i å setje egne grenser og respektere andre sine grenser, støtte barna i å ta andre sitt perspektiv, sjå ei sak frå fleire sider, og setje ord på kjensler, opplevingar og meiningar.

Rammeplanen for barnehagar er tydeleg på at dei tilsette skal førebyggje, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster. Dette krev eit tett samarbeid med foreldra, og pedagogiske leiarar skal rådføre seg med styrrar dersom dei ser teikn på slike situasjonar. Styrrar eller pedagogisk leiar kontaktar foreldra etter behov, avtalar eit møte, utvekslar observasjonar og synspunkt, og blir einige om vegen vidare. Det skal også vere tydeleg for foreldra at de kan komme til oss når det er noko dei lurar på, og bli tatt på alvor. Ingenting er for stort eller smått til å ta ei samtale om, vårt felles fokus skal vere det beste for barna!

## AKTUELLE PROSEDYRE OG DOKUMENT

- Forebygging av mobbing (intern prosedyre)
- Barn sin trivsel er vaksne sitt ansvar (veileidar frå utdanningsdirektoratet)
- Plan for eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (Ålesund kommune)
- Frå undring til tiltak - skjema og rettleiing (Ålesund kommune)
- Meldeskjema ved mistanke om krenking av barn (Ålesund kommune)
- Rutine når eit barn klorar og/eller bit andre barn (intern prosedyre)

## Barn sin medverknad

***Barnehagen skal ivareta barna sin rett til medverknad ved å legge til rette for, og oppmuntre til at barna kan få uttrykke sitt syn på barnehagen sitt daglege innhald, jf. Lov om barnehagar kap. II- §3, grunnloven §104 og FNs barnekonvensjon artikkel 12 nr.1***

***I følge rammeplanen kapittel 4 skal barnehagen vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alder, erfaring, dei individuelle føresetnadene og behova til barna.***

Å medverke handlar om å setje spor etter seg, og å være ein aktiv deltakar i eige liv. Barna skal medverke til å skape rammene dei lever i kvar dag, ut frå eigne føresetnader. Samarbeid med foreldra er også ein sentral del i å legge til rette for barn sin medverknad i barnehagen.

Det viktigaste i barn sitt liv er leik. Derfor er å legge til rette for variert og skjerma leik, ut frå barnas interesser og utvikling, noko av det viktigaste vi kan gjere for å legge til rette for barnas medverknad. Til dømes at mykje leiker og materiell er tilgjengeleg for barna, gjer barna meir sjølvstendige i kvardagen (Reggio-filosofien). Vi må setje av nok tid til leiken, og skape gode overgangar mellom leik og rutinesituasjonar (til dømes frå leik til måltid).

Å vere lyttande, sensitive vaksne er avgjerande for at barn skal kunne medverke i kvardagen. Barn brukar meir enn verbalspråk for å uttrykke kjensler og ønsker. Men aktive, leikande og samtalande vaksne må vi også vere, samtidig som vi er lyttande og sensitive. Vi skal praktisere anerkjennande kommunikasjon og ei autoritativ vaksenrolle. For at barna skal bli sett, høyrd og tatt på alvor, må vi bruke leiken aktivt til å utøve denne vaksenrolla.

Alle barn skal oppleve at «mi meining blei høyrd og tatt på alvor, sjølv om eg kanskje ikkje fekk det som eg ville denne gongen». Eller at «mine idear har materialisert seg i eit flott byggverk av treklossar i samarbeid med leikekompisen og ein vaksen, og at det kan stå til neste dag for å leike vidare». Eller vi tar bilete slik at vi hugsar korleis det var bygd!

Reggio Emilia- filosofien er ein viktig del av korleis vi arbeider for å ivareta barns rett til medverknad i barnehagen. Sjå andre avsnitt for meir informasjon om Reggio-filosofien og prosjektarbeid.

## AKTUELLE RUTINER/PROSEDYRER FOR PERSONALET

- Dei tilsette møter barna (intern rutine)
- Dei tilsette møter foreldra (intern rutine)
- Informasjonshefte - Reggio Emilia nettverket i Ålesund
- Sjå «Felles fagmappe – vaksenrolla, trygt og godt barnehagemiljø, REKOMP-mappene ++.

# Samarbeid

## Samarbeid mellom heimen og barnehagen

**Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg**

(Rammeplanen kap. 5)

For å sikre samarbeid med heimen, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval:

Foreldrerådet består av foreldre/føresette til alle barna, og skal fremje deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø (barnehagelova §4). Det er til dømes foreldrerådet som arrangerer sommarfest.

Foreldrerådet skal velje 2 leiarar (også kalla SU-representantar), som også skal vere med på møta i samarbeidsutvalet (SU). Som barnehagelova seier, skal foreldrerådet fremje foreldra sine fellesinteresser. Foreldrerådsleiarane er foreldra sitt «talerør» inn mot barnehageleiing og barnehageeigar.

Saker som angår enkeltbarn blir ikkje tatt opp i foreldrerådet eller samarbeidsutvalet. Men dersom foreldra ikkje opplever at barnehagen tar på alvor dei innspela som er kome til pedagogiske leiarar, styrar, og verksemdleiar (i den rekkefølga, tenesteveg), kan dette takast opp med leiarane i foreldrerådet. «Foreldreutvalet for barnehage» (FUB), er ein god samarbeidspartnar for foreldra, dersom det oppleve å ikkje bli tatt på alvor av barnehageeigar.

Samarbeidsutvalet (SU) skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet består av foreldre/føresette og tilsette i verksemda, slik at kvar gruppe er likt representert: Ein representant frå kvar avdeling = 2 foreldrerepresentantar, + 2 tilsette. Verksemda sin eigar (v/ verksemdleiar Marthe Lundemo) kan delta etter eige ønske, men ikkje med fleire representantar enn i kvar av dei andre gruppene). Styrar deltek som regel på SU-møta som representant for barnehageeigar.

Barnehageeigar skal syte for at saker av viktighet vert lagt føre for foreldrerådet og samarbeidsutvalet (barnehagelova §4).

Samarbeidsutvalet skal fastsette barnehagens årsplan.

Øvrige saker av viktighet er for eksempel forslag til budsjett eller driftsendringer (Rammeplanen kap.5).

I tillegg har vi i Ratvikåsen barnehage:

- Foreldremøte om hausten
- Besøksdagar for nye barn og foreldre i juni (sjå eige kapittel om overgangar)
- Tilbud om foreldresamtalar 2 ganger pr år
- Månedspanar og månedsbrev
- IST
- Årshjul med oversikt over foreldrearrangement, planleggingsdagar med meir.
- Tett dialog med foreldre i det daglege, barnas beste skal vere i fokus!
- Interne prosedyre for korleis personalet skal møte barn og foreldre

## AKTUELLE RUTINER/PROSEDYRER FOR PERSONALET

- o Personalet møter barna (Intern rutine)
- o Personalet møter foreldra (Intern rutine)

## Samarbeid mellom barnehagen og andre aktørar

**Regjeringa ventar – at kommunar og fylkeskommunar arbeider målretta for ein felles kultur for samarbeid på tvers av tenestene for å gi barn og unge som treng det, et heilskapleg tilbod. Godt tverrfagleg samarbeid handlar om at ulike fagmiljø arbeid saman og ser tilboda til barn og unge i samanheng**

(St.meld. 6, 2019-2020, s. 6)

I Ålesund kommune samarbeidar barnehagane tverrfagleg med ulike aktørar som til dømes PPT, barnevernstenesta, helsestasjonar, ressursteam, barnehabiliteringa, skular m.m.

## Teieplikt, opplysningsplikt og avverjeplikt

Barnehagelova § 44 pålegg teieplikt om forhold dei tilsette i barnehagen blir kjent med gjennom si stilling (jf. Fvl. § 13). Teieplikta er ein viktig føresetnad for at barnehagen skal bli informert om opplysingar i høve familieforholda til barn som kan vere avgjerande for opphald, trivsel og utvikling i barnehagen.

Barnehagelova § 46 pålegg tilsette i barnehagen, utan hinder av teieplikt, å gi opplysingar til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at det fins mishandling av barn i heimen eller andre formar for alvorleg omsorgssvikt. Dette vert kalla **meldeplikt**. I tillegg skal ein gi opplysingar til barneverntenesta når ein bli bedd om det. Dersom ein tilsett i barnehagen mistenkjer mishandling, overgrep eller omsorgssvikt:

- Skal den tilsette straks ta kontakt med styrar.
- Styrar gjer ei anonym samtale med barnevernet, for å få ei vurdering på om meldeplikta er utløyst. Barnevernet og styrar blir einige om vegen vidare.
- Anten kontaktar styrar foreldra om bekymringa. Då finn vi saman ut om det er behov for tiltak, til dømes rettleiing til barnehagen og familien med til dømes Barnevernet, PPT, småbarnsteamet eller annan aktuell instans.
- Dersom meldeplikta er utløyst, er det styrar som er ansvarleg melder, og har kontakta med barnevernet vidare. I desse tilfella vert foreldra ikkje informert om meldinga, men vert kontakta av barnevernet direkte.

Ifølge straffelovens generelle bestemming om avverge, §196, er ein kvar forplikta til å søke å avverge ei straffbar handling eller følgjene av den, på eit tidspunkt då det fremdeles er mogleg, og det framstår som sikkert eller mest truleg at handlinga er eller vil bli begått. Den generelle avvergingsplikta gjeld også tilsette i barnehagen. Dersom ein tilsett meiner avvergingsplikta er utløyst, skal styrar kontakte politiet direkte.

Alle tilsette i barnehagen har godkjent politiattest.

## LES MEIR OM TEIKN PÅ OVERGREP I DENNE LENKA:

[https://bufdir.no/Nedsatt\\_funksjonsevne/Vern\\_mot\\_overgrep/Vold\\_og\\_overgrep\\_mot\\_barn\\_og\\_unge\\_med\\_funksjonsnedsettelser/Tegn\\_pa\\_vold\\_og\\_overgrep/](https://bufdir.no/Nedsatt_funksjonsevne/Vern_mot_overgrep/Vold_og_overgrep_mot_barn_og_unge_med_funksjonsnedsettelser/Tegn_pa_vold_og_overgrep/)

## RELEVANTE PROSEDYRE:

- Flytskjema på tverrfaglig kommunikasjon ved behov for rask samhandling (Ålesund kommune)
- Frå bekymring til handling (Ålesund kommune)
- Psykososiale forhold (Ålesund kommune)
- Meldeskjema PPT og logoped (Ålesund kommune)
- Prosedyre for samarbeid med helsestasjon ved oppmelding til PPT (Ålesund kommune)
- E-læringskurs om teieplikt i Visma+

## Overgangar

Barnehageåret 2019-20 hadde vi temaet «overgangar» i prosjektet «Opp og fram» (no ReKomp)

Vi utarbeida eit sett med standardar, for korleis vi skal jobbe for å gjere overgangane i kvardagen/rutinesituasjonar best mogleg for barna. Det er til dømes frå måltid/utetid/ryddetid til garderobe, føringar for gruppestørelse i garderoba, vaksenrolla i garderoba +++.

Mange av desse standardane tar vi med oss til andre situasjonar, det meste er overførbart som pedagogiske grunnprinsipp i heile barnehagekvardagen.

Standardane heng framme i fingarderoba, på avdelingane sine informasjonstavlar.

Personalet får standardane på leseliste i kvalitetssikringssystemet Compilo ein gang kvart år.



## Når barnet byrjar i barnehagen

**Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og godt start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn**

(Rammeplanen kap. 6)

Opptaket skjer i minst 2 delar. I første runde sender vi tilbod til dei som får førstevalet sitt (ca. 7./8. mars). Når alle dei har svart, sender barnehagane tilbod til dei barna som ikkje fekk tilbod i første runda (ca. 21./22. mars).

I april får de mail frå barnehagen, med litt informasjon om plan frem til oppstart i august. Alle nye barn og foreldre får tilbod om å kome på 4 besøk i barnehagen i juni, ca. 45-60 min per gang. Da får vi god tid å bli litt kjent før august, og vi snakkar saman om korleis den første tida i barnehagen skal bli best mogleg for barnet dykkar.

På planleggingsdag i juni, går dei tilsette kvart år gjennom plan for å ta mot nye barn i august. Dei tilsette har prosedyre for tilvenningstida som skal følgast. Styrar og pedagogisk leiarar er ansvarlege for at dei gjennomførast på ein god måte, tilpassa det enkelte barn og foreldre sine behov.

### RELEVANTE PROSEDYRE OG DOKUMENT

- Vedtekter (opptakskriterier, alesund.kommune.no)
- Tilvenningstida i Ratvikåsen barnehage (intern rutine)
- Huskeliste for oppstart av nytt barnehageår (internt arbeidsdokument)

## Overgangar i barnehagen

**Personalet skal sørgje for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter gruppe**

(Rammeplanen kap. 6)

Vi har besøksdagar frå slutten av mai, og i juni, for dei barna som skal bytte gruppe internt. Barna er på si nye gruppe 1-3 timar per dag, ein gong i veka. Kortare tid i byrjinga, lengre når vi nærmar oss ferie. Dei er på ny gruppe frå første dag vi opnar etter ferien, uavhengig av om det nye barnehageåret har starta enda (1. august). Da får dei som bytar gruppe gjerne nokre rolege dagar med færre barn og meir fleksible kvardagar, før dei helt nye barna startar på avdelinga. Dei tilsette har rutine for tilvenningstida som skal følgast, styrar og pedagogisk leiarar er ansvarleg for at dei gjennomførast.

### AKTUELL PROSEDYRE

- Overgang mellom avdelingar i Ratvikåsen barnehage (intern prosedyre)

## Overgangen mellom barnehage og skule

**Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga**

(Rammeplanen kap. 6)

I Ratvikåsen barnehage følger vi Ålesund kommune sin gjeldande handlingsplan og rutine for overgang mellom barnehage og skule. Foreldre til førskolebarna får informasjon om skulestart på foreldremøte i september.

### AKTUELLE PROSEDYRE OG DOKUMENT

- Ålesund kommune sin plan for overgang mellom barnehage og skule
- Informasjonshefte til foreldra (Ålesund kommune)
- Rutine for overgang til skule for barn med særlege behov (Ålesund kommune)

## Barnehagen som pedagogisk verksemd

**Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggast og vurderast.**

**Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane.**  
(Rammeplan kap. 7)

Sjå kapitla «Barns medverknad», og «Samarbeid».

### Planlegging

**Barnehagen skal tenke og handle langsiktig og systematisk, og planlegginga må basere seg på kunnskap om barn sin trivsel og allsidige utvikling, individuelt og i gruppe**  
(Rammeplan kap. 7)

Det meste av planlegginga skjer i møter, og i pedagogane si planleggingstid. I tillegg kjem styrar si tid til overordna planlegging og koordinering av den pedagogiske verksemda. I Ratvikåsen barnehage har styrar 60% kontortid, inkludert møter, kurs, planleggingsdagar osv. Styrar er 40% på avdeling, som Pedagogisk leiar.

«Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa. Planlegginga synleggjer korleis barnehagen tolkar og realiserer rammeplanen, og skal vere utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda» (Rammeplanen 2017, s.37)

- Pedagogane si lovfesta planleggingstid er minimum 4 timar kvar veke, og er inkludert i arbeidstida på 37,5 timar per veke (0,5 timar pause kvar dag utan løn kjem i tillegg). Dersom pedagogane treng meir planleggingstid, skal behovet dokumenterast til styrar, med oversikt over korleis plantida er brukt den siste månaden, og kva behovet er den neste månaden.

- Fagarbeidarane skal ha minimum 45 minutt planleggingstid (fast tid) kvar veke til å lese mail frå styrar, sette seg inn i prosedyre (4-6 prosedyre er på leselister kvar månad), forberede seg til møte, dokumentere prosjektarbeid med meir, og ekstra tid ved behov om det er mogleg. Pedagogisk leiarar har ansvar for organisering. Planleggingstida til fagarbeidarane er ikkje lovfesta, men like fullt naudsynt for drifta av barnehagen. Planleggingstida er inkludert i arbeidstida på 37,5 timar per veke (0,5 timar pause utan løn kvar dag kjem i tillegg).
- Møtetidene våre er dyrebar tid, og tid borte frå barna. Møtetida skal derfor nyttast effektivt:
  - o Vi har avdelingsmøte 45 minutt kvar onsdag:
    - o 0900-0945 (Tretoppen)
    - o 1215-1300 (Maurane)
    - o På avdelingsmøta planlegg dei tilsette kommande veke (turar, prosjekt, matlaging, planlagt fråvær/vikarar/organisering av dagane, +++)
  - o Vi har pedagogmøte 40 minutt kvar onsdag (0950-1030). Her går vi gjennom årshjul for kommande veker, planlegging og samkøyring av vidare pedagogiske fokus-område, diskuterer/ avgjer endring i rutine/samarbeid mellom avdelingane ++
  - o Avdelingane er med barna til kvarandre under avdelingsmøta
  - o Assistentar og fagarbeidarar er med barna under pedagogmøtet.
  - o Styrar har ansvar for innkalling, leiing og referatføring av personalmøter, pedagogmøter, foreldremøter, planleggingsdagar og møte i SU.
  - o Pedagogisk leiar har ansvar for innkalling, leiing og referatføring av avdelingsmøta og foreldresamtalane.
    - o o Det skal ikkje avviklast pause i møtetidene, unntak er dersom det er færre barn (pedagogiske leiarar tar vurderinga saman)
- Vi har personalmøte 6 gongar pr. barnehageår på kveldstid, 2 timar pr. møte. Møta er normalt 1645-1845 (17-19 dersom seinvakt ønsker pause).

- Vi har 5 planleggingsdager pr. barnehageår (sjå årshjul).
- Alle arrangement (til dømes Lucia, 17. mai osv.) skal planleggast og evaluerast skriftleg, og lagrast i eiga mappe på fellesbrukaren (F). Styrar og pedagogiske leiarar har ansvar.

## AKTUELLE RUTINER/PROSEDYRER FOR PERSONALET

- Årsplan
- Årshjul for personalet
- Progresjonsplan (under utarbeiding; Internt arbeidsdokument barnehageåret 2023-24)
- Prosjektplanar og prosessplanar (REKOMP, Reggio).
- Vekeplan for tilsette (pedagogiske leiarar ansvar)
- Månadsplan og månadsbrev til foreldra (pedagogiske leiarar ansvar)

## Vurdering

**Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med lov og forskrift**  
(Rammeplan kap. 7)

Dokumentasjon er grunnlaget for vurdering.

Vurderingsarbeid skjer på ulike områder. Vi er underlagt tilsyn frå barnehagemynda av barna og personalet sine omgivnader knytt til helse, miljø og tryggleik. Vi er også pålagd å rapportere på ulike område kvartalsvis (verksemdsleiar og styrar). I tillegg har vi jamlege risikovurderingar, som dannar grunnlaget for prosedyrebeskrivingar, avviksmeldingar og handlingsplanar.

Sist, men ikkje minst, er det vi kallar det barnehagebaserte vurderingsarbeidet sentralt. Dette arbeider skjer kvar dag, formelt og uformelt, hos dei tilsette, både individuelt og i samarbeid.

- Vi tar opp det einskilde barn sin trivsel og utvikling på avdelingsmøte, personalmøte og pedagogmøte. Bekymring for barns trivsel eller

utvikling skal bli drøfta med styrar. Styrar, og pedagogiske leiarar har ansvar for at foreldra blir involverte på en god måte.

- Alle arrangement skal planleggast og evaluerast skriftleg, og lagrast i eiga mappe på fellesbrukaren (F).
- På avdelingsmøta, pedagogmøta og planleggingsdagane skal vi mellom anna diskutere/reflektere over etiske dilemma. Å være bevisst på vår pedagogiske praksis er nødvendig for å vidareutvikle den pedagogiske kvaliteten i barnehagen.
- Kvar enkelt tilsett har også ansvar for kvar dag å reflektere over eigen praksis i møta med barna, og jobbe aktivt for å endre praksis for å utvikle kvaliteten i barnehagetilbodet. Døme på refleksjonsspørsmål:
  - o Kva vel eg å sjå/vidareformidle frå kvart einskild barn til foreldra i hentesida og i dokumentasjonar? Kvifor vel eg å formidle akkurat dette?
  - o Er eg eit godt forbilde for barna? Lev eg som eg lærer? Ein kan til dømes ikkje be barna slutte å rope, ved å rope sjølv.
  - o Har eg nok «lim i lommene»: Lar eg borna prøve sjølv? Oppmuntrar eg til at dei kan hjelpe kvarandre?
  - o Passar eg på å ikkje bruke ironi til barna? Dei fleste barn skjønar ikkje ironi, og kan verte usikre og utrygge.
  - o Korleis møter eg barn og foreldre på avdelinga om morgonen? Er eg aktiv i å søke blikkontakt med barnet? Spør eg korleis morgonen/helga har vore? Er eg sensitiv for barnas og forelda sine signal i denne situasjonen?
  - o Er eg tett nok på leiken til å kunne observere og vurdere samspel, leiketema og dynamikk?
  - o Er eg ein leikande vaksen, som møter barna på deira premisser?

## Dokumentasjon

**Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i arbeidet med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Vurderingar i høve trivsel og allsidig utvikling skal dokumenterast når det er naudsynt for å gi eit tilrettelagt tilbod. Barn har rett til vern om sin personlege integritet. Foreldre har rett til å sjå og få utlevert dokumentasjon om eigne barn, og til å få sletta eller korrigert opplysingar som er feilaktige eller misvisande.**

(Rammeplan kap. 7)

- Vi dokumenterer det pedagogiske arbeidet i prosjekthefter. Den som har ansvar for prosjektet, har også ansvar for at prosjektheftet vert laga. Pedagogisk leiar har overordna ansvar for at det vert laga prosjekthefte for alle prosjekt på avdelinga.
- Pedagogiske leiarar skriv referat frå avdelingsmøter, lagrast på F-serveren.
- Styrar skriv referat frå pedagogmøter, personalmøte, foreldremøte og planleggingsdagar
- Andre møter skal også referatførast. Pedagogisk leiar og styrer har ansvar.
- Pedagogisk leiar skriv referat frå foreldresamtaler, arkiverast i styrars arkivskap. Foreldre har krav på å vite kva dokument som er lagra om deira barn. Det er også nyttig å oppbevare notat frå samtalanane dersom barnet til dømes får behov for spesialpedagogisk hjelp.
- Dersom eit barn strevar med trivsel eller utvikling, skal pedagogisk leiar fyller ut undringsskjema. Sjå eiga prosedyre. Kontakta skal dokumenterast etter gjeldande personvernreglar, og foreldre skal ha tilgang til alle dokument som omhandlar deira barn.
- Vi følgjer dei gjeldande reglane for personvern og oppbevaring av dokument som er underlagt teieplikt.

### AKTUELLE RUTINER/PROSEDYRER FOR PERSONALET

- Felles fagmappe; Dokumentasjon og pedagogisk dokumentasjon

## Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte

**Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter barna sine behov og føresetnadar, også ved behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar.**

**Barnehagen skal arbeide målretta og systematisk for at barn som treng ekstra støtte får eit inkluderande og likeverdig tilbod, og slik vere ein del av eit meningsfullt fellesskap.**

**Om det er grunn til å tru at barnet sitt behov ikkje kan dekkast innanfor det allmennpedagogiske tilbodet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp. Barnehagen skal sørge for at barn som mottek spesialpedagogisk hjelp, inkluderast i barnegruppa og i det allmennpedagogiske tilbodet.**

(Rammeplan kap. 7)

### Med allmennpedagogiske tiltak meinast:

Viktige allmennpedagogiske tiltak er eit språkstimulerande miljø for alle barn, arbeid med sosial kompetanse, leikemiljø/ støtte i leiken, fysisk aktivitet, rutine og organisering/føreseielege omgivningar, dei vaksne sine haldningar og handlingar, og alle typar overgangar.

Det som er beskrevet i denne årsplanen, er grunnlaget for vårt allmennpedagogiske tilbod.

For alle barn, og spesielt for barn som treng ekstra støtte i kortare eller lengre periodar, er trygge og føreseielege vaksne avgjerande for trivsel, læring og utvikling. Dei tilsette skal kvar dag aktivt arbeide for å skape og oppretthalde gode relasjonar til kvart einskild barn. Vi skal gje barna sensitiv omsorg, vere vare for barnas signal, nytte blikkontakt, smil og barnas namn aktivt for å vise at vi ser dei, og skape trygge rammer for leik og utforsking.

Vi må vere fleksible, alle barn er ulike og har ulike behov. Det er ofte små grep som skal til for at akkurat dette barnet skal blomstre.

Sentrale område for jamleg observasjon, kartlegging vurdering og vidareutvikling av allmennpedagogiske tiltak er:

- Vi skal ha eit nært og trygt samarbeid med foreldra. Dei tilsette er den profesjonelle part, og skal møte foreldre og barn individuelt i levering/henting, foreldresamtalar og i kvardagen generelt.
- Organisering og rutine på avdelinga, og spesielt i overgangar
- Måten vi møter barnet på, for at barnet skal oppleve meistring
- Fokus på barnet sine sterke sider og interesser, sett opp imot kva barnet har moglegheit til å drive på med i kvardagen. Korleis skape eit inkluderande leikemiljø for alle barn?
- Kva barnet treng trening i for å oppleve økt meistring

Alle tilsette har ansvar for å drøfte bekymring for barn si trivsel og/eller utvikling med styrar:

- Styrar vurderer bekymringa saman med pedagogisk leiar, etter utfylling av undringsskjema. Undringa skal vere tatt opp på avdelingsmøte. Pedagogisk leiar kallar foreldra inn til møte innan fristen; Informerer om observasjonar, samtale med foreldra om deira observasjonar, og vi einast om det vi ønsker å gi ekstra fokus framover, heime og i barnehagen, med barnet sitt beste i fokus!
- Pedagogisk leiar presenterer ein grunngeve plan for vidare observasjonar og foreløpige tiltak i barnehagen, og legg ein plan saman med foreldra for kva dei kan gjere heime/kva barnehagen gjer/kva som er viktig i samarbeidet vidare.
- Barnehagen brukar kartleggingsskjemaet «Tras» (Tidleg registrering av språkutvikling).
  - o Dersom barnehage eller foreldra ønsker å starte registrering av barnet si utvikling, er det dette skjemaet barnehagen har kompetanse i å bruke.
  - o Foreldra må samtykke skriftleg til slike systematiske observasjonar.
  - o Barnehagen kan også be om skriftleg samtykke til å kontakte helsestasjonen og PPT (pedagogisk psykologisk teneste), for å drøfte den aktuelle bekymringa.

o Samtykka skal vere tidsavgrensa og spesifikke på kva informasjon som kan utvekslast.

o Barnehagen kan også drøfte saker NN (anonymt) med eksterne samarbeidspartnarar.

Om det er grunn til å tru at barnet sitt behov ikkje kan dekkjast innanfor det allmennpedagogiske tilbodet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering frå PPT, som er ei vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp. Dersom barnehagen og foreldra er einige om å kontakte PPT, blir det først eit dialogmøte med PPT, for å få ei vurdering på om barnet bør meldast opp til PPT, eller om barnehagen må gjere ytterlegare tiltak først. Barnehagen kan også drøfte saker NN (anonymt) med eksterne samarbeidspartnarar.

#### **AKTUELLE RUTINER/PROSEDYRER FOR PERSONALET**

- Frå undring til tiltak, skjema og rettleiing (Ålesund kommune)
- Prosedyre for samarbeid mellom helsestasjon og barnehage, der barn 0-6 år blir vurdert oppmeldt til PPT (Ålesund kommune).
- Viktig å vite om samtykke frå foreldra (internt dokument)
- Tras, Alle Med (barnehagen sine kartleggingsskjema, som er til hjelp for PPT i vurderinga). Barnehagen og foreldra samarbeider om utfylling av skjemaet, då mykje kan vere forskjellig heime og i barnehagen. Foreldra skal samtykke skriftleg før barnehagen startar utfylling av slike skjema.

## Arbeidsmåtene til barnehagen

**Re-Komp (regional ordning for kompetanseutvikling i barnehagen)** er Ålesund kommune (barnehageeigar) sitt kompetanseutviklingsprosjekt for tilsette, barnehageåret 2023-24.

Prosjektet skal sikre at rammeplan for barnehagar vert implementert.

I tillegg er vi inspirert av Reggio- Emilia filosofien. Både rammeplanen og Reggio tar vi derfor med oss i problemstillinga for **prosjektet Re-Komp 2023-24;**

**Personalet sitt hovedfokus for utvikling av eigen kompetanse barnehageåret 2023-24 er:**

Språkutvikling og språkvanskar (vårt tema i ReKomp)

+ Barns hundre språk (felles «paraply» for Reggio-Emilia nettverket i Ålesund)

+ Etikk, religion og filosofi (vårt fokusområde fra Rammeplan for barnehager).

= Vår ReKomp-problemstilling 2023-24:

«Hvordan må personalet jobbe i hverdagsaktiviteter/rutiner for å skape et miljø der barn får uttrykke seg, samhandle og kommunisere på flest mulig ulike «språk». (Jmfr. Reggio-Emilia Filosofien).

### Progresjon

**Barnehagen skal legge til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø**

(Rammeplan kap. 8)

Barna skal få utfordringar dei meistrar, men også utfordringar som dei klarer sjølve etter kvart, om dei får litt hjelp først.

### Prosjektarbeid

Ratvikåsen barnehage sitt verdigrunnlag er inspirert av den pedagogiske tenkinga som kjem frå byen Reggio Emilia, i Nord-

Italia. Grunntanken i denne filosofien er at barn er fødd med alle moglegheiter, og er kompetente frå fødselen av. Dei har rett til å vere delaktige i eigne liv, og lærer best og mest når leik og aktivitet er indre motivert.

I tråd med Reggio Emilia filosofien skal barna sine interesser komme til uttrykk i aktivitetar og prosjekt. Det er barna sine interesser, spørsmål og idear som skal bidra til å drive prosjektarbeida framover. Dei tilsette må bruke både deltakande og ikkje-deltakande observasjon, i tillegg til samtaler med barna aktivt, for å utforme prosjekta. Det er dei tilsette si oppgåve å utvikle barna sine tankar og idear til utforskande og lærande aktivitetar, i samsvar med årsplan og rammeplan.

Dei minste barna uttrykker seg og lærer gjennom bruk av kroppsspråk og sanseintrykk, og mange av aktivitetane for dei minste må derfor fokusere på å gi barna førstehandserfaringar og sanseopplevingar.

For kvart prosjekt skal det utarbeidast eit prosjektheft, som synleggjer kva fagområde man har arbeidd med. Heftet skal arkiverast i barna sine permar. Prosjekta skal også hengast opp på dokumentasjonsveggen i garderoba etter kvart som dei er ferdige, slik at foreldra kan sjå dei.

### Dei 3 pedagogane

Vi ønskjer ikkje, og kan ikkje, kopiere metodane og arbeidet dei gjer i Reggio Emilia, men deira tenking er ein **inspirasjon og vegvisar** for oss. Prosjektbaserte aktivitetar saman med barna, og dei 3 pedagogane, er konkrete arbeidsmetodar vi har tatt til oss frå Reggio Emilia. Her seier vi litt om kva dei 3 pedagogane betyr i vår kvardag:

#### Den 1. pedagogen: Dei tilsette

- Vi skal vere opne og nysgjerrige på barnet, spørjande og lyttande. Bli kjend med BARNET!
- La også barna bli kjend med DEG! fortel om den gongen du tok fly første gong, om kva du har gjort i helga, om katten/hunden din, og om kven DU er.
- Vi skal vere bevisst på korleis vi utformar det fysiske miljøet. Vi skal vise barna kva moglegheiter som finst, og vere nær barna i leiken både ute og inne.
- Dei tilsette skal ha fokus på barna, og private samtalar skal vere på

eit minimum i løpet av arbeidsdagen. Ikkje gi beskjedar til kvarandre i utide (til dømes når vaksne er opptatt i leik). Vi legg att private utfordringar heime, når vi er med barna.

- Vi skal vere tilgjengelege for barna, både fysisk og mentalt. Bruk blikk-kontakt, smil, barnets namn og anerkjenning aktivt, for å bygge relasjonar med alle barna.
- Dei tilsette skal vere medvitne på kor tid dei skal vere aktive/trekkje seg tilbake. Hugs at barna må få tid til å prøve i eige tempo, men også oppmuntrast til å hjelpe kvarandre.
- Dei tilsette skal etterstreve ein autoritativ veremåte. Dette førebygg frustrasjonar og konfliktrar, og skaper tryggleik.

### **Den 2. pedagog: Barna**

- Barn har rett til å medverke i eigen barnehagekvardag;
  - o Sjå eige kapittel om dette, samt kapitla om prosjektarbeid.
- Det er barna sine interesser, spørsmål og idear som skal bidra til å drive prosjektarbeida fram
- Barn lærer best når dei er aktive og gjer sine egne erfaringar, i samarbeid med andre barn eller vaksne.
- Barn ønsker å vere sjølvstendige, og å vere til nytte for andre.
- Vi skal la barna delta aktivt i rutinesituasjonar, til dømes; Ringe med ryddebjella, velje song-kort i samlinga, rydde koppen og fatet sitt etter måltida, hjelpe kvarandre å kle av/på mm.

### **Den 3. pedagog: Det fysiske miljøet, ute og inne.**

- Det fysiske miljøet skal vere ryddig og oversiktleg.
- Det meste av leiker skal vere tilgjengeleg for barna, slik at dei kan undersøkje og gi seg tid.
- Vi skal prøve å skape «rom i romma», eigne leikemiljø
- Lag gjerne leikemiljø inspirert av prosjekta som er aktuelle akkurat no, til dømes ein grønn larvekrok med larvebøker, larvespel /puslespel, bilete av larvar mm.
- Det er lov å ta med leiker til dømes frå kjøkkenmiljøet til bil-leiken, kanskje er dei i bil-leiken på camping og treng mat og kasserolle til å lage seg mat på tur. Dette skjønner vi dersom vi er tett på leiken, og

følger med på innhaldet og samhandlinga i leiken.

- Gangen kan brukast til å springe, sile osv. (grovmotoriske aktivitetar), spesielt for dei minste. Kost golvet først ved behov.

Sjå også kapittel om barns medverknad, planlegging, vurdering, dokumentasjon og fagområda. Desse kapitla seier mykje om kva som er vårt barne-syn og kunnskapssyn.

Dei tilsette sin praksis skal samsvare med verdiane som ligg til grunn i Reggio-filosofien, i rammeplanen for barnehagar, og i denne årsplanen.

## **Fagområda**

Dei 7 fagområda i rammeplanen skal flettast inn i prosjektarbeida og i kvardagen.

For kvart prosjekt skal det utarbeidast eit prosjekthefte, som synleggjer kva for fagområde man har arbeidd med.

I kvardagen skal personalet vere oppmerksame på å utnytte dei situasjonane som oppstår til å stimulere barnas utvikling og læring:

### **Kommunikasjon, språk og tekst**

- Vi skal bruke dagtavle kvar dag, for å førebu barna på kva som skal skje, og for å stimulere språkutvikling. Vi deler avdelinga i grupper under samlingane, for å gi barna gode føresetnader til å delta.
- Vi skal ha faste songstunder (til dømes før og etter måltid), for å gjenta utviklingstilpassa songar, rim og regler. Dette er viktig for å øve opp barnas metalingvistiske medvitande (automatisering av rytme i språket, ord, språk-lydar, setningsoppbygging mm).
  - o Også songleikar skal nyttast jamt, både inne og ute.
  - o Song, rim og regler er med på å skape gode felles opplevingar.
  - o Dette er sosiale aktivitetar, som skapar samhold, meistring og glede, og vidarefører tradisjonar.
- Vi skal bruke måltida aktivt til samtaler omkring kva som har skjedd i dag, kva som skal skje vidare, om tema barna er opptatt av, osv.
- Vi skal sette ord på det vi gjer, og hjelpe barna å sette ord på egne ønsker, følelsar og tankar.

- Vi skal legge til rette for lesestunder og eventyrforteljing kvar dag.
  - o Det kan til dømes vere i fokustida, rundt matbordet og elles ved høve
  - o Samtaler kring innhaldet i bøker og eventyr er ein viktig del av lese/eventyrstunda.
- Det viktigaste for å lære å lese når ein byrjar på skole, er å klare å skilje lydar.
  - o Song, rim og regler er viktig for å øve opp lytteferdigheiter.
  - o For meir avansert lesing er ordforrådet viktigast, derfor vektlegg vi også samtalar, undring, å lese i bøker med meir.

### **Kropp, rørsle, mat og helse**

- Vi skal legge til rette for balanse mellom aktivitet og kvile.
- Målet med å vere ute og på tur, er at barna skal få gode naturopplevingar, bli glade i å vere ute, og bli nysgjerrige på ulike naturfenomen.
- Vi skal lære barna tradisjonelle songleikar og regelleikar for å motivere til glede fylt og leikande aktivitet, gje felles erfaringar, og bidra til å inkludere alle born i meningsfylt samspel. Sjå eksempel på aktivitetar i grovgarderobe.
- Vi skal tilby barna næringsrike måltid. Døme på kva vi legg i dette er;
  - o Brød med grovhetsprosent over 75%.
  - o Unngå salt og sukker.
  - o Frukt eller grønnsaker som tilbehør til lunsj kvar dag.
  - o Grønnsaker til alle varmmåltid.
  - o Økologisk og fullkorn så langt det er mogleg.
  - o Frukt kvar ettermiddag.
  - o Vann som tørstedrikk.
  - o Saft og søtsaker kun til spesielle arrangement.
  - o Det er ikkje anledning til å ta med kake eller is til bursdag i barnehagen. Vi har fokus på barnet sin dag, og ikkje kva slags mat/kake/is barnet har med.

- Vi skal ha eit variert utval av pålegg, men ikkje alle sortar kvar dag eller kvar veke. Til dømes leverpostei/kyllingpostei, makrell i tomat, kaviar, majones, smøreostar, kvitost, brunost, fårepølse, skinke, fiskepudding, egg.
- Vi har varm mat ein gong i veka.
- Det er ikkje anledning for barn å ha med saft i drikkeflaskene til barnehagen, vi skal nytte vann som tørstedrikk.
- Vi oppmodar også til å unngå kake og bollar til frukost, av omsyn til at barna skal ha jamn tilførsel av energi til leik og læring etter måltidet.

### **Kunst, kultur, og kreativitet**

- Reggio-Emilia filosofien seier at barn har 100 språk men blir ofte fråteken 99 av språka. Til slutt er det berre skriftspråk og verbalspråk som «tel med». Barna skal derfor få uttrykke seg på ulike måtar, og dei tilsette skal vere lydhøre i høve til barna sine ulike uttrykk, og løfte fram ulike uttrykksmåtar.
- Nokre døme på ulike uttrykksmåtar er song, dans, drama, ulike formingsaktivitetar, utforsking av fysiske fenomen, utforsking av elementa, verdsrommet, havet osv., konstruksjon, bruk av digitale verktøy med meir. Det er berre fantasien som avgrensar.
- Prosjektarbeida skal gi rom for varierte kreative aktivitetar med eit variert utval av materiell.
- Personalet skal også «legge ut spor» for å vekke borna si interesse, til dømes i forbindelse med markering av samane sin dag, for å samle borna si interesse rundt eit tema i eit prosjekt, eller for å føre eit prosjekt eller ein leik eit skritt vidare.
- Vi skal markere tradisjonar og høgtider (sjå årshjul).
- Barna lager sine eigne karnevalskostyme. Vi vel tema som har vore aktuelle den siste tida. Maurane (småbarnsavdelinga) lagar ikkje kostyme, barnehagen har eigne karnevalskostyme til dei minste.

### **Natur, miljø og teknologi**

- Målet med å være ute og på tur, er at barna skal ha gode naturopplevingar og bli glade i å vere ute i naturen, og bli nysgjerrige på ulike naturfenomen.



- Vi skal lære barna å ta vare på naturen. Til dømes har vi av og til med søppepose + eingongshanskar, og plukkar med oss søppel vi finn i naturen.
- Vi skal bruke gjenbruksmaterial i stor grad i kreative prosjekt, og i leikemiljøa ute og inne.
- Vi skal ta med oss vidare det vi lærte gjennom prosjektet «digital kompetanse» barnehageåret 2020/21.
- Vi plantar gulrøter, poteter, sukkererter med meir i blomsterkassene våre kvart år. Vi gir dei vann og næring, og passar på dei til vi kan plukke og ete det vi har dyrka. Det er oftast dei eldste barna som i størst grad er med på dette.
- Vi har også ripsbær, stikkelsebær og solbær på uteområdet, desse plukkar vi og et/frys ned til smoothie, og brukar dei i bakverk.

### Mengd, rom og form

- Vi skal vere medvitne på å bruke eit matematisk språk, og leggje til rette for matematiske aktivitetar i kvardagen. Til dømes ein godt utstyrt konstruksjonskrok er viktig.
- Fundamentale matematikkaktivitetar er:
  - o Forklaring og argumentasjon. Å kunne grunngje, forklare, resonnerer og trekkje logiske slutningar
  - o Lokalisering. Å finne fram, orientere seg, lokalisering og plassering.
  - o Å skape noko. Former, figurar, mønster, symmetri, arkitektur og kunst.
  - o Teljing. Å bruke antalsord (mange/få/færrast/like mange/fleire enn osv.).
  - o Måling. Å samanlikne, ulike måleiningar og målesystem (til dømes tid, vekt, pengar, areal, lengde og volum)
  - o Leik og spel. Til dømes terningspel, puslespel, strategispel og gøymspel.

### Etikk religion og filosofi

Gjennom å samtale om og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål skal barn få høve til sjølv å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar. Slik skal barnehagen bidra til å leggje grunnlag for kritisk tenking og dømmekraft (Rammeplanen).

I Ratvikåsen barnehage skal undring vere ein sentral del av prosjektarbeida. Det er barnas spørsmål, tankar og idear som skal drive prosjekta vidare.

- Etikk og filosofi handlar om å tenkje kritisk, logisk og sjølvstendig. Vi skal ta barna på alvor, og vere genuint interessert i kva dei uttrykkjer.
- Vi må i størst mogleg grad halde oss til barna sine formuleringar, og ikkje la oss freiste til å foreslå andre og «betre» formuleringar, tolkingar eller meiningar.
- Utforsking av omgrep kan vere ein god start på ei filosofisk samtale.
- Vi markerar samane sin dag kvart år.
- Vi markerar nasjonale tradisjonar og høgtider, sjå årsplan.
- Dersom vi har familiar med andre tradisjonar og høgtider enn dei vi har i årsplanen, skal pedagogiske leiarar avklare med foreldra om dei ynskjer at vi også markerar nokre av deira tradisjonar og høgtider.

### Nærmiljø og samfunn

- Barna skal bli kjend med nærområdet til barnehagen. Vi går turar til Hatlaåsen, Bogeneset, Hatlevika, Ratvika stadion mm.
- Vi samarbeider med Hatlane omsorgssenter, og syng for bebruarane der på Lucia-dagen og St. hansaften.
- Vi er så heldige å ha Steinerskolen som nærmaste nabo, dei inviterer til framsyning av skodespel kvart år, og korpset deira spelar på 17.mai.
- Sjå også kapittel om barn sin medverknad. Førebuing til å bli en aktiv deltakar i eit demokratisk samfunn er også ein del av fagområdet «nærmiljø og samfunn».

# Årshjul 2023/2024

<b>AUGUST 2023</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Barnehagen åpner mandag 31. juli</li><li>• Nye barn starter fra tirsdag 1. august</li><li>• <b>NB!</b> Planleggingsdag mandag 14. august, barnehagen er stengt.</li></ul>	<b>JANUAR 2024</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• <b>NB!</b> Barnehagen er stengt mandag 1. januar (1. nyttårsdag) og tirsdag 2. januar (planleggingsdag)</li><li>• Vi forbereder oss til samenes dag og karneval</li></ul>
<b>SEPTEMBER 2023</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Bamsefest for barna tirsdag 12/9. Alle barna tar med en bamse/dukke (de som vil). Vi har bamsesykehus, bamsedisco mm.</li><li>• Foreldremøte mandag 18/9 kl. 17.30-19.15</li><li>• 17.30-18.45 = felles for begge avdelinger</li><li>• 18.45-19.15 = førskoleforeldre</li></ul>	<b>FEBRUAR 2024</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Vi markerer samenes nasjonaldag tirsdag 6/2</li><li>• Karneval for barna tirsdag 13/2, 9.30-12.00</li><li>• Vinterferie for skolene uke 8, påmelding i IST</li></ul>
<b>OKTOBER 2023</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Høstfest for barn, foreldre, besteforeldre og søsken 24/10, invitasjon kommer.</li><li>• Personalet starter planlegging juleaktiviteter.</li></ul>	<b>MARS 2024</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Foreldresamtaler Maurane</li><li>• <u>6/3 Personalmøte 1645-1845. Opptak ++</u></li><li>• Vi markerer barnehagedagen torsdag 14/3</li><li><b>Påska 2024:</b><ul style="list-style-type: none"><li>• Påmelding til 25.-26.-27. mars</li><li>• <b>NB!</b> Vi stenger kl. 12.00 onsdag 27. mars</li><li>• <b>NB!</b> Barnehagen er stengt 28.-29./3 + 1. april</li></ul></li></ul>
<b>NOVEMBER 2023</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Oppstart juleaktiviteter i midten av november.</li><li>• Foreldresamtaler begge avdelinger (fra slutten av oktober)</li></ul>	<b>APRIL 2024</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Foreldresamtaler Tretoppen</li><li>• Frist for tilbakemelding om når barna skal ha sommerferie er 19/4 (IST)</li><li><b>Påska 2024:</b><ul style="list-style-type: none"><li>o Påmelding til 25.-26.-27. mars (IST)</li><li>o <b>NB!</b> Vi stenger kl. 12.00 onsdag 27. mars</li><li>o <b>NB!</b> Barnehagen er stengt 28.-29. mars + mandag 1. april.</li></ul></li></ul>
<b>DESEMBER 2023</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Lucia torsdag 14. desember (barn, foreldre, besteforeldre og søsken). Mer info kommer.</li><li>• Vi synger på Hatlane omsorgssenter luciadagen onsdag 13/12.</li><li>• Nissefest for barna tirsdag 19/12, 9.30-12.00</li><li>• Jul og nyttår: Påmelding i IST til 27.-28.-29. desember</li><li>• <b>NB!</b> Barnehagen er stengt<ul style="list-style-type: none"><li>o mandag 25/12</li><li>o tirsdag 26/12</li><li>o mandag 1/1</li><li>o tirsdag 2/1 (planleggingsdag)</li></ul></li></ul>	<b>MAI 2024</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Torsdag 16.mai kl. 9.30-12, øver vi på 17. mai</li><li>• <b>NB!</b> Barnehagen er stengt:<ul style="list-style-type: none"><li>o Onsdag 1. mai (arbeidernes dag)</li><li>o Torsdag 9. mai (Kristi himmelfartsdag)</li><li>o Fredag 10.mai (planleggingsdag)</li><li>o Fredag 17.mai (grunnlovsgdag)</li><li>o Mandag 20. mai (2. pinsedag)</li></ul></li></ul>
	<b>JUNI 2024</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Faste aktiviteter utgår i juni (turer, varmmat osv.)</li><li>• <b>NB!</b> Planleggingsdag fredag 14/6. <b>Vi er stengt!</b></li><li>• Besøk av nye barn og foreldre 3-4 dager i juni</li><li>• Tretoppen synger på Hatlane omsorgssenter St. hansaften, mandag 24/6</li><li>• Sommerfest for barn, foreldre og personale i mai eller juni. Forelderådet bestemmer dato og arrangerer. Personalet deltar frivillig som gjester.</li></ul>
	<b>JULI 2024</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• <b>NB!</b> Barnehagen er sommerstengt inntil 3 uker, hvilke uker er ikke fastsatt. Informasjon kommer når vi vet, drøftes i samarbeidsutvalget høsten-23.</li></ul>

## Personalet

### Verksemdsleiar for barnehagar Ålesund Aust

Marthe Lundemo, tlf. 41 51 81 35.

Mail: [marthe.lundemo@alesund.kommune.no](mailto:marthe.lundemo@alesund.kommune.no)

### Styrar Ratvikåsen barnehage 60 %, kontordagar tysdag, onsdag og fredag

Marianne Aasebø, tlf. 95 87 06 87.

Mail: [marianne.aasebo@alesund.kommune.no](mailto:marianne.aasebo@alesund.kommune.no)

Tlf. avdeling Tretoppen: 47 62 06 47 /90 63 64 17

Tlf. avdeling Maurane: 94 88 20 27

### Pedagogiske leiarar

Marianne Assev, Tretoppen

Jowita Aurelia Rusnarczyk-Wachala, Maurane

Marianne Aasebø (40%), Tretoppen

### Barnehagelærer

Marita Alvestad Breivik, Tretoppen

### Barn- og ungdomsarbeidarar/assistentar

Ana Ramos, assistent Tretoppen

Kari Veblungsnes, fagarbeidar Maurane

Sheena Villar Jensen, fagarbeidar Maurane

Lisbet S. Knutsen, fagarbeidar Maurane 64%

Anne Marit Øyen, assistent Maurane, vikar 60%

## Kjelder


Rammeplan for barnehagen: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>

Barnehagelova: <https://bit.ly/2yd6svp>

Stortingsmelding nr 6: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.st.-6-20192020/id2677025/>

FN's berekraftsmål: <https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal>

Barnekonvensjonen: <https://www.fn.no/om-fn/avtaler/menneskerettigheter/barnekonvensjonen>



### **Kontaktinformasjon**

Ratvikåsen barnehage,

Hatlaskaret 19, 6016 Ålesund

Styrar: 958 70 687

Avdeling Tretoppen: 476 20 647

Avdeling Maurane: 948 82 027

[www.alesund.kommune.no](http://www.alesund.kommune.no)

